



FRAMTIDA: Badeplassen med bruer lik dei som er på Kystmuseet er det sentrale elementet i skissa Eskil Nybø har laga for oppdragsgjeveren. Her er både ballplassar, festplass med amfi og mange nye stiar. Legg merke til den nye vegen frå Kystmuseet med bru som er med på skissa. Skissa er eit utgangspunkt for den vidare utviklinga av Sørstrand Folkepark (Skisse: Eskil Frøyen Nybø)

Teiknar framtidens Sørstrand-område

SØRSTRAND: – Heilt topp, seier Eskil Frøyen Nybø (21) frå Krokane og arkitektstudent i Oslo om sommarjobbane sine. Han lagar for tida skisser som skal vise korleis folkeparken på Sørstrand kan utviklast.

OLAV HATLEMARK
olav.hatlemark@firdaposten.no

Sentralt i skissa er dei to bruene frå badeplassen på land til dei to øyane utanfor den nylaga badeplassen.

I tillegg kosar han seg med fast sommarjobb hos Kinn Arkitekter.

For ungdom

Bruene skal gjere det endå meir attraktivt for ungdom og dei meir vaksne å bruke badeplassen, etter det store arbeidet som alt er gjort med å fylle sand og bygge sandstrand for småbarnsfamilier i fjæra på Sørstrand. Øyane utanfor har fine svaberg og sjøen går brådjupt frå det som ser ut som ein naturforma bryggekant mot fjorden. Her er det fint å stupe, eigna for å rigge opp stupebrett og kanskje legge ut ei brygge til folk som kjem i båt.

Bruene neste?

– Håpet er at bruene no skal verte det neste store prosjektet vårt og at vi kanskje



PÅ BRUFESTET: Arkitektstudent Eskil Frøyen Nybø og onkel og nestleiar i det nye styret som skal utvikle Sørstrand Folkepark, Sigmund Frøyen, er samde om det meste om korleis det spennande friluftsområdet bør utviklast vidare.

kan starte å bygge dei alt frå hausten av, slik at dei står ferdige til neste sommar.

Vi visste kven vi skulle ringe til for å få laga skissa som viser korleis vi ønskjer å utvikle området, gliser onkel og ein av oppdragsgjeverane, nestleiar i det nyskipa selskapet Sørstrand Folkepark, Sigmund Frøyen. Hittil har dei fleste ideane komme frå oppdragsgjeverane. Dei byggjer vidare på ei skissa Flora kommune fekk laga n for utvikling av friluftsområdet nord for rullebana til Florø Lufthamn for nokre år sida.

– Eg har mest teke rolla som illustratør for å lage skissene som skal fange interessa til ålmeinta og opne auga til sponsorar og andre til å å løyve pengar, forklarar Nybø. Men tru ikkje at han er utan klare meininger. – Eg har særleg tenkt på korleis området skal utformast i høve til kystmuseet og nærområdet rundt og henta inn idear om volum.

Vidare frå Kystmuseet

Neste fase vert den meir nøyaktige utfor-

SØRSTRAND FOLKEPARK

175 mål stort friluftsområde nord for flyplassen i Florø

- Initiativtakar er Magne Hovland som saman med kompisar har utført eit stort dugnadsarbeid. Dei har rydda kratt og fylt sand bygt opp ei familiebadestrand.
- Arbeidet følgjer ein gammal plan Flora kommune fekk laga for området. Den nyskipa foreninga Sørstrand Folkepark har no teke over ansvaret for å utvikle området vidare.
- Leiar er: Venstrepolitikar Jan Henrik Nygård. Flora kommune eig og disponerer det meste av området.

Sørstrandplanen:

- Utvikle badeplassen med bruer til øyane.
- Bygge reiskapshus ballbane og grillstove.
- Rydde fram og vise krigsminna i området.
- Ruste opp eksisterande stiar og uttkikspunkt.
- Rydde festplass med naturleg amfi.
- Bygge parkeringsplassar og ny veg få sør Kulturere fleire plenområde
- Bubilcamping, ny veg frå Kystmuseet og gjenoppbygging av gardsanlegg er meir langsiktige idear.

minga. Vi ser på bruene i framgrunnen av skissa til Nybø at han har teke utgangspunkt i trebruene til Kystmuseet. Arkitektstudenten vil fore same bryggjestil vidare til øyane på Sørstrand. Eskil understrekar at bruene må byggast slik at folk framleis vil kunne passere gjennom med småbåtar og kajakkar.

Utforminga tydeleggjer ein annan overgripande, men litt meir langsiktig tanke med prosjektet. Nemleg å binde folkeparken saman med Kystmuseet med ein ny sti/veg frå museumsområdet langs strandkanten, og fram til Sørstrand.

Også her blir det aktuelt med fleire bruer. Tilkomsten frå to sider vil opne tilgangen til parken frå eit mykje større område enn dagens.